

Utviklingshemming og seksualitet: Refleksjonar frå ein praksisperiode

Tekst: Ingrid Sæther Heggland,
vernepleiestudent ved Høgskolen i Bergen

Møte med Olav

Då eg var i praksis fekk eg vere saman med ein mann med utviklingshemming som eg her kallar Olav. Ein dag hadde eg og ein tenesteytar avtala med Olav å kome inn med medisin til han. Me banka på døra, og gjekk inn. Då me kom inn på rommet hans oppdaga me at han såg pornografi. Tenesteytar sa fort at me heller kunne kome igjen seinare, og me gjekk ut frå rommet. På vaktrommet fortalde tenesteytar om situasjonen til kolleger; «Det er ekkelt at han så ofte ser på pornografi. Me må jo gjere noko for å få han til å slutte med det» Ein kollega fortalde at ho tidlegare hadde sagt til han: «Kan du ikkje skru det av og heller sette på noko kjekt?» Denne tenesteytaren sa òg at ho meinte me burde sei i frå til foreldra hans. Eg stilte spørsmål om dei hadde snakka med Olav om seksualitet og pornografi, då svara dei nei.

Pornografi kan definerast som tekstar, bilete og filmar med seksuelt eksplisitt innhald som søker å virke seksuelt opphissande (*snl.no*). Nettstaden helsekompetanse.no viser til WHO (1986) sin definisjon der seksualitet blir definert som ein del av menneska sin personlegdom. Det er eit grunnbehov som mellom anna vert uttrykt i kjærleik, kontakt og nærleik. Seksualitet påverkar tankar, kjensle, handlingar og samspel (*helsekompetanse.no*). Seksualitet har innverknad på mental og fysisk helse (*Barstad, 2006:56*). I kommunen der Olav bur har dei styringskort, overordna mål, for tenester til personar med utviklingshemming.

Desse styringskorta skal vere retningsgjevande for tenesteytinga. Måla omfattar mellom anna å fremje sjølvbestemming og brukarmedverknad, bidra til trivsel, meistring, utvikling og god helse, samt søke å skape eit meningsfullt tilvære gjennom heilskapleg tenestetilbod og sikre tilstrekkeleg kompetanse hos tenesteytarar (*Styringskort, 2012:5*).

Rett til vern

Då me oppdaga at Olav såg pornografi, synes eg det var positivt at tenesteytar tok initiativ til at me skulle gå ut. Å verta forstyrra i ein så privat situasjon kan virke inngripande og krenkjande. Seksualitet



Foto: Torunn Ovrid.

er ein del av den intime sfære, og Den europeiske menneskerettskonvensjonen skal verne mot inngrep i privatlivet. Rett til seksualliv for menneske med funksjonsnedsetjing er omhandla i standardreglane til FN. Ingen skal nektast moglegheit til å oppleve eigen seksualitet, så lenge det ikkje strider med lovverket (*regjeringen.no*). Eg meiner alle skal ha same vern av seksualiteten, uavhengig av funksjonsevne. Olav er mykje omgitt av tenesteytarar. Dette gjer han nok meir utsett for krenkingar av privatlivet, som kan gjere det vanskelegare å oppretthalde seksuallivet. Kor bevisst er me på dette? I kva grad vert privatlivet respektert? Korleis vert ønske og behov ivareteke? Det er viktig å reflektere over slike spørsmål, fordi dei ofte omhandlar makt og etikk. Tenesteytarar si rolle gir moglegheit til å krenkje privatlivet (*Barstad, 2006:101*). Kanskje Olav hadde gløymd at vi skulle komme innom med medisiner? Me burde venta til han opna døra for oss. Dermed kunne han fått førebudd seg og sjølv invitert oss inn, eller gitt oss beskjed om at han var oppteken.

Det kan vere krevjande å handtere problemstillingar knytt til teieplikt, pårørande og sjølvbestemming. Olav er vaksen og myndig. Personar kan sjå lovleg pornografi dersom dei er fylt 18 år. Eg stiller spørsmål ved at tenesteytar vil seie i frå til foreldra om hans bruk av pornografi. Sjølvbestemming står sentralt i arbeid med menneske. Det handlar om å ta egne val, og vere den ein ønske. Det er viktig at personar med utviklingshemming får verktøya dei treng for å kunne påverke livet sitt (*Bollingmoe, Ellingsen, Selboe,*

2005). For å ivareta sjølvbestemminga til Olav, kan ikkje pårørande i dette tilfellet bli informert utan samtykke frå han. Retten til sjølvbestemming inneber rett til å råde over opplysningar om seg sjølv (*regjeringen.no*).

Personalets egne haldningar og grenser

Vidare tenkjer eg på haldningar. I kva grad skal subjektive meininger prege våre handlingar i møte med tenestemottakarar i ein slik situasjon? Kan utsegn om at porno er ekkelt, og at ein difor må få han til å slutte, vise manglande kunnskap hos tenesteytar fordi ein legg *eigne* preferansar til grunn? Eg meiner tenesteytarar heile tida må grunnkje handlingar fagleg. Val skal vere til det beste for tenestemottakaren ein yter tenester til, og ein skal sørje for at vedkommande får behov dekkja. Å sei at Olav bør slutte å sjå pornografi med grunngeving i at tenesteytar synes det er ekkelt er eit lite relevant argument, som manglar fagleg grunngeving.

Eg stiller spørsmål ved kvifor tenesteytaren vil få han til å slutte å sjå pornografi. Nyting er kjelde til fysisk, psykisk, intellektuell og åndeleg velvære (*Barstad, 2006:57*). Dersom pornografi gir han tilfredsstilling, kan det ha samanheng med dei overordna måla om å bidra til trivsel og god helse. Sjølvbestemming inneber òg å ha rett til å ta val andre ikkje ville tatt. Eit viktig prinsipp må vere at Olav kan nyte eigen seksualitet ut frå egne moglegheiter og lyster (*Barstad, 2006:54*). World Association for Sexology har vedtatt «The declaration of sexual rights». Desse inneber mellom anna retten til å holde

seksualiteten sin privat og retten til seksuell fridom, så lenge det ikkje kjem i strid med lovverket (*Barstad, 2006:56-57*). Tenesteytarane bør respektere Olav sitt val og ikkje la eigne haldningar og grenser hindre han i å oppleve eigen seksualitet.

Eg forstår likevel at tenesteytarane reagerer på Olav sin bruk av pornografi, med tanke på at det er noko han ser fleire timar kvar dag. Pornografi gir unyansert og lite røyndomsnær kunnskap om seksualitet. Pornografi kan prøve å skildre fantasiar hos konsumenten som kan vere grenseoverskridande. Nokre døme er fantasi om valdtekt, bruk av press og vold, stor aldersforskjell og sex med nokon som er bevisstlaus. I pornografi kan det bli brukt maktmisbruk og press for å oppnå sex. Somme gonger kan det vere tvil om eine parten samtykker til dei seksuelle handlingane og filmene kan vere nedverdige. Det kan vere framstilt som at kvinna oppnår stor glede når ho gir etter for press (*Barstad, 2012:3*).

Pornografi som einaste læringsarena

Barstad skriv «Jeg er bekymret for at dersom man har porno som eneste læringsarena, vil det oppstå en økt risiko for seksuelle overgrep, hvor den utviklingshemmede både kan bli overgriper og offer.» (*Barstad, 2012:3*). Ved å berre lære om seksualitet gjennom pornografi, kan personar med utviklingshemming få ei oppfatning av at ein skal gi etter for press. Omvendt kan personen få ei oppfatning av at dersom den andre parten ikkje vil, må ein presse og overtale så vert vedkommande nøgd etterpå, eller at det er

lovleg og naturleg å ha sex med småjenter. Personar med utviklingshemming kan ha vanskelegare for å forstå at pornografi er skodespel. Kanskje kan dei tru at jenta på filmen *er* ei jente, og klarer ikkje å forstå at ho egentleg er vaksen og utkledd. Uformelle kanalar er ikkje så tilgjengelege for personar med utviklingshemming, blant anna har dei færre vener og får i mindre grad rom til prøving og feiling (*Barstad, 2012:3*). Barstad stiller spørsmål om dersom ein person med utviklingshemming begår overgrep med bakgrunn i pornografi, er det hans skyld? Ein kan sjå på strafferettsleg tilregnelighet og intelligens, eller på opplæringa personen har fått. Eg meiner Barstad har eit godt poeng. Korleis handtere seksualitet med pornografi som einaste læringsarena? Pornografi viser ei røynd annleis den me lever i, og dermed kan mykje av innhaldet bli vanskeleg å generalisere.

Ein tanke eg gjorde meg er at tenesteytarar ikkje har oversikt over kva pornografi Olav ser. Dermed veit dei ikkje om pornografien er lovleg. Kan tenesteytarar få oversikt over pornografien Olav ser, eller strider det med sjølvbestemminga hans? Kanskje veit han ikkje kva pornografi som er lovleg? Eit anna aspekt ved pornografi er at det kanskje kan påverke synet på utsjånad og kva me ser på som attraktivt, noko eg trur kan auke kroppsfikseringa. Pornografi har lite fokus på kvalitetar og verdiar som er verdsett i mellommenneskelege relasjonar, noko eg meiner gir lite heilskapleg bilete at seksualitet. Dette fordi seksualitet omhandlar mykje meir enn samleie.



Foto: Scandinavian StockPhoto.

Opplæring

Mange av overgrepa personar med utviklingshemming begår, er skyldt manglande opplæring (*Barstad, 2006:74*). Eg tykkjer personar med utviklingshemming bør få meir seksualundervisning, blant anna fordi utviklingshemminga gjer at dei treng lenger tid for å lære. Redusert mentalt tempo gjer at ein tenker seinare. Kortare auditivt minnespenn er eit anna kjenneteikn ved utviklingshemming og fører til vanskar med å få med seg heile innhaldet i det som vert sagt. Vanskar med samansette arbeidsminnefunksjonar fører til problem med å holde orden på fleire element samstundes og bearbeide informasjon. Personar med utviklingshemming held seg ofte konkret til verda og har vanskelegare for å forstå abstrakte omgrep. Siste kjenneteikn eg vil nemne er vanskar med å generalisere lærdom; overføre lærdom frå ein situasjon til ein annan. Desse kjenneteikna gjer at personar med utviklingshemming blant anna har behov for fleire repetisjonar (*Larsen og Wigaard, 2009:25*). Eg vil legge vekt på å skape tilrettelagde læringsarena med rettleiing. Eg meiner seksualitet bør vere fag på skulen, med oppfrisking i kunnskapane etter nokre år. Pornografi inneheld mange av dei pedagogiske ingrediensane som gjer den enkel å forstå; rett på sak, enkel handling, repetisjonar, fråvær av metaforar og unødvendige forstyrrande element, og enkelt språk (*Barstad, 2012:3*). Ved å bruke nokre av dei same ingrediensane i opplæringa, trur eg budskapet kan blir enklare å forstå for personar med utviklingshemming.

Eg stiller spørsmål ved kvifor teneste-

ytarane ikkje har snakka med Olav om pornografi og seksualitet. Opplæring i seksualitet meiner eg er viktig for å få nyansert kunnskap, men det stiller krav til tenesteytarar; at dei har kompetanse om utviklingshemming og seksualitet, god kjennskap til Olav og gode kommunikasjonsferdigheiter. Dei må vite kva kunnskap Olav har, kva han vil ha hjelp til og korleis ein best kan gi hjelpa. Med setninga «Kan du ikkje skru det av og heller sette på noko kjekt?» føler eg at Olav ikkje vert respektert og teke på alvor. For å bistå andre menneske er respekt avgjerande. Kanskje skulle ein starta ein samtale med Olav? Kva tenker han om filmene? Kva kunnskapar og oppfatningar har han om seksualitet? Å samtale med han tenkjer eg gir gode høve til å få oversikt over pornografien han ser, finne ut kva kunnskap han har, og snakke om at pornografi sjeldan skildrar røynda.

Det er sannsynleg å tru at gjennom meir nyansert og røyndomsnær opplæring, er sjansen redusert for at brukar begår overgrep (*Barstad, 2012:3*). Ein viktig del av seksualopplæringa er å lære å respektere grenser og lære kva overgrep er (*Barstad, 2006:74*). Ein anna del er viktigheita av å sjølv gi uttrykk for grenser. Gjennom å lære korleis kroppen fungerer, vil nok brukaren få auka føresetnader for å nyte. Er Olav klar over kva som skjer ved seksuell opphissing og korleis han kan tilfredsstille seg sjølv? Setninga «Kan du ikkje skru det av og heller sette på noko kjekt?» opnar ikkje for samtale om tema, noko han kanskje hadde trengt. Med utsegn som dette held ein seg passiv til Olav sin seksualitet. Utfordringa blir å

formidle at seksualitet er noko fint, samstundes som ein påpeiker viktigheita av å forholde seg til grenser. For å klare å formidle må ein finne kommunikasjonsmåtar tilpassa Olav, vere direkte i kommunikasjonen og ikkje bruke abstrakte omgrep. Opplæring i seksualitet kan vere relevant i forhold til dei overordna måla om trivsel, utvikling, meistring, meningsfullt tilvære og god helse.

I samtalar om seksualitet er det avgjerande at ein ivartar Olav si sjølvbestemming og ikkje går nærare enn han ønske og er fortruleg med. Dette krev lydhøre tenesteytarar som kan fange opp og tolke både verbale og nonverbale signal. Det er viktig å ta opp tema på rett tidspunkt, ha god tid og opne for samtalar når han viser interesse. Vidare vil eg legge vekt på å skape ein situasjon prega av respekt og tryggleik. Som tenesteytar må ein vere audmjuk og ivareta tenestemottakar sin verdigheit og integritet. Kanskje er tenesteytarane usikker på kor langt dei kan gå i rettleiing og hjelp? Det kan vere nyttig å få rettleiing frå utanforståande som har kompetanse om seksualitet og utviklingshemming, som habiliteringstjenesten. Å prate med utanforståande kan kanskje vere enklare for brukaren? Habiliteringstenesta kan kartlegge brukaren sine kunnskarar og rettleie personalet. Kunnskapane til brukaren meiner eg dannar utgangspunktet for korleis ein best kan møte han.

Dersom ein skapar eit miljø der ein kan snakke om seksualitet, aukar sjansen for at tenestemottakar tør å ta opp slike tema (*Barstad, 2006:99*). Eg trur open dialog og respekt blant tilsette er avgjerande for å

kunne skape eit slikt miljø. Eg tenkjer det er både lærerikt og viktig å diskutere korleis ein vil møte seksuelle problemstillingar og prøve å skape ei felles forståing. Kanskje skal berre nokre få snakke med tenestemottakaren om seksualitet?

Eg har òg reflektert rundt mi rolle. Som student ser eg situasjonen litt meir utanfrå. Det kan vere enklare for meg å reflektere objektivt i ettertid, kanskje spesielt med tanke på at eg ikkje kjenner Olav så godt. Kanskje ser eg ikkje heile situasjonen? Kanskje er den tatt ut av samanheng og at eg difor eigentleg ikkje forstår så mykje som eg trur sjølv? Utsegna til personalet var nok spontane, lite gjennomtenkte, reaksjonar. Ved å presentere nokre av mine refleksjonane, kunne me kanskje fått til ein god dialog.

Oppsummering

Eg meiner dei overordna måla er relevante når tenesteytarar møter utfordringar knytt til seksualitet. Det stiller krav til at tenesteytarar har kompetanse om seksualitet og utviklingshemming, og klarer å formidle denne, slik at personar med utviklingshemming får naudsynt kunnskap til å handtere seksualitet på ein god måte.

Eg har reflektert rundt omgrepet sjølvbestemming og kvifor eg meiner at pornografi kan ha negativ effekt for enkelte med utviklingshemming. Pornografi i seg sjølv treng ikkje vera skadeleg, men det kan ha negativ effekt dersom det vert einaste læringsarena. Vidare har eg lagt vekt på viktigheita av opplæring i seksualitet. Tenesteytarar må ta tenestemottakar sin seksualitet på alvor.

Viktige stikkord er kommunikasjonsferdigheter og god kjennskap til tenestemottakar. Etter å ha reflektert over tenesteytarar si rolle meiner eg at dei bør invitere til å snakke om pornografien og andre tema innafor seksualitet, og prøve å formidle nyansert bilete av seksualitet. Ein må møte tenestemottakar på hans forståelsesnivå og prøve å skape gjensidig tillit, openheit og respekt. Seksualitet bør stå sentralt i arbeidet for personar med utviklingshemming. ●●●

Litteraturliste

- Barstad, Bernt. 2006. *Seksualitet og utviklingshemming*. Oslo: Universitetsforlaget Bergen Kommune. 2012. *Styringskort for tjenester til utviklingshemmede*.
- Eide, Hilde., Tom Eide. 2007. *Kommunikasjon i relasjoner: samhandling, konfliktløsning, etikk*. 2 Utg. Oslo: Gyldendal
- Kibsgaard, Frode Larsen, og Elisabeth Wigaard (red.). 2009. *Lærebok: Utviklingshemming og aldring*. Tønsberg: Forlaget aldring og helse.
- Linde, Sølvi., Bernt Barstad, Anita Tvedt Nordal, Marta Helland, Cato Brunvand Ellingsen, Jarle

Leknes, og Bjørn Roar Vagle. 2012. *SOR Rapport*. Forskningsrapport nr. 5. Oslo: Stiftelsen SOR.

Owren, Thomas, og Sølvi Linde (red). 2011. *Vernepleiefaglig Teori og Praksis*. Oslo: Universitetsforlaget

Selboe, Aud, Leif Bollingmoe, Karl Elling Ellingsen (red). 2005. *Sjølvbestemmelse for tenesteytere*. Oslo: Gyldendal Akademiske.

Nettkjelder

- FN-Sambandet. *Fns verdenserklæring om menneskerettigheter*. Henta 20. November 2012. <http://www.fn.no/FN-informasjon/Konvensjoner-og-erklæringer/Menneskerettigheter/FNs-verdenserklæring-om-menneskerettigheter>
- Store Norske Leksikon. *Pornografi*. Henta 15. November. 2012 <http://snl.no/pornografi>
- Helsekompetanse. *Hva er seksualitet*. Henta 15. November, 2012 <http://www.helsekompetanse.no/mangfold/1079> (seksualitet)
- Regjeringen. *Selvbestemmelsesrett og samtykke*. Henta 15. November. 2012 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/nouer/2005/nou-2005-01/28.html?id=389864>
- Regjeringen. *Retten til seksualliv: fra bruker til borger*. Henta 15. November. 2012. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/ad/dok/nouer/2001/nou-2001-22/18/3.html?id=144368>



Foto: Scandinavian StockPhoto.